

# **NYBORGTUNNELEN OG RINGVEGSYSTEM I BERGEN**

## **MÅ PRIORITERAST I NASJONAL TRANSPORTPLAN**

**Tidleg i 2016 skal dei statlege transportetatane presentere sitt framlegg til ny Nasjonal Transportplan (NTP). I den planen må Nyborgtunnelen, som er omtalt i gjeldande NTP (E39 Vågsbotn – Hylkje), og E39 (Ringveg aust) utanom Bergen sentrum prioriterast – både med omsyn til framdrift og økonomi.**

Vi ber om at Statens vegvesen prioriterer dette viktige samferdselsprosjektet, og ikkje minst at stortingsfleirtalet, når den nye NTP kjem til handsaming våren 2017, vil løyva midlar til prosjektet så tidleg som mogleg – helst i 2018.

### **Positive miljøeffektar**

Det er mange grunnar for at E39 Nyborgtunnelen må prioriterast. Det er eit viktig miljøprosjekt og vil avlaste vegen om Hylkje med om lag 20.000 bilar i døgeret. Dagens veg er ulukkebelasta. Ny tunnel vil også korte køyreavstanden mellom Nordhordland og Bergen med om lag 5,5 kilometer.

Nyborgtunnelen gir reduserte CO<sub>2</sub> utslepp, heile 2 200 tonn pr. år. I tillegg vil den gi grunnlag for betre kollektivtilbod mellom Nordhordland og Bergen, inklusiv «Park and ride» løysingar.

Eit av argumenta imot E39 Nyborgtunnelen har vore at den vil føre til meir trafikk gjennom Bergen sentrum. Det er eit argument vi må ta på alvor. Difor støttar vi at Statens vegvesen no arbeider med å knyte E39 Nyborgtunnelen til Ringveg aust frå Arna til Fjøsanger, ved at E39 blir lagt utanom Bergen sentrum. Gjennomgangstrafikken blir dermed leia utanfor Bergen sentrum generelt og Bergensdalen spesielt. Det vil innebere at tunnelinnslaget i Vågsbotn i Åsane blir lagt slik at ein kan koma inn på den framtidige nye vegen til Bergen sør, via Arna. Ein ny Ringveg aust vil også gi ein naturlig kopling mellom E39 og E16 utan å belaste Bergen sentrum.

Det vil vera eit stort framsteg – både for miljøet og trafikkflyten. Dette vil då bli den naturlege vegtraseen for gjennomgangstrafikken på E39 og framtidig redusere trafikken over Danmarks plass.

### **Stor vekst**

Det er i dag ei kraftig vekst, både i folketal og næringsverkssemd både i Åsane og Nordhordland.

Dagens E39 over Hylkje er ikkje dimensjonert for dagens trafikk, og har på ingen måte kapasitet for å ta unna veksten som kjem. Næringslivet prioriterer gode og sikre vegar, dei sett det høgst i spørjeundersøkingar. Det er eit svært sterkt signal frå næringslivet som må takast på alvor.

### **Svært positiv nytteverdi**

Vi registerer at dagens regjering har varsla at ein vil leggje større vekt på nytteverdi når samferdselsprosjekt skal prioriterast. Det lovar godt for E39 Nyborgtunnelen.

I samband med framlegginga av noverande NTP presenterte dei statlege transportetatane eit notat om «lønsamhetsstrategi». Her blir det dokumentert at E39 Nyborgtunnelen er eit svært lønsamt samferdselsprosjekt. Kort fortald blir det dokumentert at for kvar krone som blir investert i dette prosjektet får samfunnet tilbake 1 krone og 45 øre – altså den krona som blir investert pluss 45 øre i samfunnsøkonomisk gevinst.

### **Nyborgtunnelen er viktig**

Oppsummert vil E39 Nyborgtunnelen avlaste vegen over Hylkje med ca 20.000 bilar i døgeret, gi reduserte klimautslepp, auka tryggleiken, betra kollektivtilbodet og styrkje banda mellom

Nordhordland og Bergen i høve til bustad- og arbeidsmarknad og utvikling av noverande og framtidige næringsareal. Ei kopling mot Ringveg aust vil også redusere gjennomgangstrafikken over Danmarks plass med mellom 40 og 50 prosent. Difor må E39 Nyborgtunnelen prioriterast både administrativt og politisk, og realiserast så raskt som mogleg.

Med helsing

Svein M Nordvik  
Dagleg leiar NHIL

Marit Warncke  
Bergen Næringsråd

Martin Smith-Sivertsen  
Byrådsleder i Bergen

Tom-Christer Nilsen  
Fylkesordførar

Nils Marton Aadland  
Ordførar Meland kommune/  
Leiar nærings- og samferdselsutvalet i Nordhordland